

# **VEDTEKTER FOR**

# **SKULEFRITIDSORDNINGA**

# **I SELJORD KOMMUNE**



**Administrativt revidert april 2022**

Sist handsama i Velferdsutvalet 11.2.2020, Formannskapet 18.2.2021

# **VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I SELJORD KOMMUNE.**

## **1. Føremål.**

Skulefritidsordninga skal vere eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod til barn på 1. – 4. årstrinn i Seljord kommune, og for barn med særskilde behov i 5.-7.trinn, jmf. Opplæringsloven §13-7. Verksemda skal vere prega av leik og sosial læring med høve til deltaking i kulturaktivitetar.

## **2. Organisering.**

I Seljord sentrum er skulefritidsordninga knytt til Seljord barne- og ungdomsskule, i Flatdal er ordninga knytt til Flatdal oppvekstsenter, avdeling skule.

## **3. Styringsskipnad.**

Seljord kommune er eigar, opptaksmyndigkeit og drivar av skulefritidsordninga.

Rektor ved kvar skule er administrativ leiar av skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga skal ha ein fagleg leiar.

Samarbeidsutvalet ved skulane behandlar saker som gjeld skulefritidsordninga. Fagleg leiar i skulefritidsordninga deltar under behandlinga.

## **4. Opningstid.**

Skulefritidsordninga er open alle dagar mellom kl. 07.30 og 16.30, når det ikkje er skule for elevane på 1. til 4. årstrinn. Grunntilbodet dekker 10 månader og er stengt i romjola, heile juli og 3 planleggingsdagar for SFO.

Tilbodet er ope i haust-, vinter- og påskeferien, samt ut juni og frå 1. august mot ekstra betaling/kjøp av dagar. Tilbodet er basert på påmelding, og for at vi skal kunne ha tilbod i skulefrie dagar, må det vere minst 5 påmelde i Flatdal og 9 i Seljord. Dersom det er for få påmelde i ei av ordningane i skulefrie dagar, kan ein få eit tilbod ved den av ordningane som har nok påmelde til å ha ope.

## **5. Bemanning.**

Skulefritidsordninga skal ha ein fagleg leiar med pedagogisk utdanning.

Det kan gjerast unnatak for utdanningskravet til fagleg leiar.

Administrasjonsressursen til fagleg leiar er 35 % av opningstida for ordninga.

Bemanninga blir i tillegg basert på assistentar.

Det skal vere minst ein voksen person pr. 15 barn i skulefritidsordninga.

Når barnetalet overstig 10 skal det vere grunnbemanning på 2 voksne på jobb.

Rådmannen får fullmakt til å fastsetje stillingsheimlane i skulefritidsordninga i tråd med vedtekten.

## **6. Opptak av barn.**

Søknad om plass skjer via elektronisk skjema via kommunens heimesider.

For hovudopptaket blir plassane lyst ledige med søknadsfrist 1.mars. Det blir gjennomført opptak gjennom heile året.

Opptaket gjeld til plassen blir søkt endra eller oppsagt.

Gjensidig oppseiingstid er ein månad rekna frå den første dagen i månaden etter oppseiinga er levert?.

Frist for å söke om plass eller endring av plass er 14 dagar før ynskja endringsdato.

Nye barn i skulefritidsordninga startar opp ved skulestart i august.

Elevar på 4. årstrinn har plassen til sommarferien byrjar, men med rett til å kjøpe dagar ut juni.

Barn med særskilte behov kan etter søknad få plass i skulefritidsordninga i 5.-7.trinn.

Ordninga med SFO for elevar med særskilde behov i 5.-7. trinn skal vere gratis, bortsett fra kostpengar.

## **7. Mat i skulefritidsordninga.**

Mat som blir servert på skulefritidsordninga skal vere basert på eit helsefremjande kosthald, berekraftige matvanar og forbruk og byggje på Helsedirektoratet sine kostråd.

Matordninga skal vere sjølvfinansierande.

## **8. Økonomi.**

Foreldra betalar ein månadspris for opphaldet i skulefritidsordninga.

Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret.

For plass i skulefritidsordninga vert det betalt for 10 månader.

Tilboden fylgjer skuleåret. Grunntilboden for heile skuleåret blir fakturert frå 15.august til og med 15. juni. For tilbod i feriane må ein betale ekstra.

Når ein søker om plass eller seier opp plassen midt i skuleåret, blir ein fakturert frå dato for individuell oppstart og slutt dato.

Foreldrebetaling for feriar og enkelttimar vert fastsett administrativt.

Det blir gitt 30 % søskenmoderasjon for søsken nr 1 og 50% for søsken nr 2 og fleire.

Manglande betaling kan føre til at plassen blir oppsagt.

## **9. Foreldreråd.**

Skulefritidsordninga kan ha eit eige foreldreråd.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldregruppa og arbeide for auka kvalitet i skulefritidsordninga.

Foreldrerådet kan fremje saker gjennom samarbeidsutvalet.

I saker som vedkjem skulefritidsordninga, kan ein representant for foreldrerådet møte i samarbeidsutvalet med talerett.

## **10. Godkjenning.**

Kommunestyret delegerer fullmakt til å godkjenne skulefritidsordninga til formannskapet/Velferdsutval. Godkjenninga gjeld lokale, areal, finansieringsplanar og vedtekter.

**Seljord SFO**  
**Seljord barne- og ungdomskule**  
**Brøløsvegen 16**  
**3840 Seljord**  
**Telefon nr.: 35 05 13 34**  
**Mobil: 47 60 89 19**

**Flatdal SFO**  
**Flatdal oppvekstsenter, avd. skule**  
**Flatdalsvegen 785**  
**3841 Flatdal**  
**Telefon nr.: 35 05 13 60**  
**Mobil: 90 26 14 61**

